

Læreplan i engelsk

Dette er ei omsetting av den fastsette læreplanteksten. Læreplanen er fastsett på bokmål.

Fastsett av Kunnskapsdepartementet 15. desember 2024 som forskrift med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 1-4 andre ledd.

Gjeld frå 01.01.2025

Om faget

Fagrelevans og sentrale verdier

Engelsk er eit sentralt fag for kulturforståing, kommunikasjon, danning og identitetsutvikling. Faget skal gi elevane eit grunnlag for å kommunisere med andre lokalt og globalt, uavhengig av kulturell og språkleg bakgrunn. Engelsk skal bidra til å utvikle den interkulturelle forståinga elevane har av ulike levemåtar, tenkesett og kommunikasjonsmønster. Faget skal førebu elevane på ei utdanning og eit samfunns- og arbeidsliv som stiller krav om engelskspråkleg kompetanse i lesing, skrivning og munnleg kommunikasjon.

Alle fag skal bidra til å realisere verdigrunnlaget for opplæringa. Gjennom arbeidet med faget skal alle elevar bli trygge engelskbrukarar slik at dei kan bruke engelsk for å lære, kommunisere og knyte band til andre. Kunnskap om og ei utforskande tilnærming til språk, kommunikasjonsmønster, levemåtar, tenkesett og samfunnsforhold opnar for nye perspektiv på verda og oss sjølve. Faget skal bidra til å utvikle forståinga elevane har av at oppfatninga deira av verda er kulturavhengig. Dette kan opne for fleire måtar å tolke verda på, bidra til å skape nysgjerrigheit og engasjement, og medverke til å førebygge fordommar. Elevane skal få erfare at det å kunne fleire språk er ein ressurs i skulen og i samfunnet. Læreplanen i engelsk og læreplanen i engelsk for elevar med teiknspråk er likeverdige.

Kjerneelement

Kommunikasjon

Kommunikasjon inneber å skape meining med språk og å kunne bruke språket i formelle og uformelle samanhengar. Elevane skal ta i bruk eigna strategiar for å kommunisere munnleg og skriftleg i forskjellige situasjonar og ved å bruke ulike medium og kjelder. Elevane skal få oppleve, bruke og utforske språket frå første stund. Opplæringa skal leggje til rette for at elevane får utfalde seg og samhandle i autentiske og praktiske situasjonar.

Språklæring

Språklæring inneber å utvikle språkmedvit og kunnskap om engelsk som system og å kunne bruke språklæringsstrategiar. Kunnskap om korleis språklydar, ordforråd og ord-, setnings- og tekststrukturar blir brukte, gir elevane val og moglegheiter i kommunikasjon og samhandling. Språklæring inneber å sjå samanhengar mellom engelsk og andre språk elevane kan, og å forstå korleis engelsk er bygd opp.

Møte med engelskspråklege tekstar

Språklæringa skjer i møte med engelskspråklege tekstar. Tekstomgrepet blir brukt i vid forstand: munnlege og skriftlege, trykte og digitale, grafiske og kunstnarlege, formelle og uformelle, skjønnlitterære og sakprega, frå notid og fortid. Tekstane kan innehalde skrift, bilete, lyd, teikningar, grafar, tal og andre uttrykksformer som er sette saman for å understreke og formidle ein bodskap. Arbeid med engelskspråklege tekstar bidreg til å gi elevane kunnskap om og erfaring med språkleg og kulturelt mangfald, og òg innsikt i levemåtar, tenkesett og tradisjonar til urfolk. Gjennom å reflektere over, tolke og kritisk vurdere ulike typar engelskspråklege tekstar skal elevane tileigne seg språk og kunnskap om kultur og samfunn. Elevane utviklar med dette interkulturell kompetanse slik at dei kan forhalde seg til ulike levemåtar, tenkesett og kommunikasjonsmønster. Elevane skal få eit grunnlag for å sjå sin eigen og andre sin identitet i ein fleirspråkleg og fleirkulturell samanheng.

Tverrfaglege tema

Folkehelse og livsmeistring

I engelsk handlar det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring om å utvikle evna elevane har til å uttrykkje seg skriftleg og munnleg på engelsk. Dette legg grunnlag for å kunne gi uttrykk for eigne kjensler, tankar, erfaringar og meiningar. Opplæringa kan gi nye perspektiv på ulike tenkesett og kommunikasjonsmønster, og på eigen og andre sin levemåte og livssituasjon. Å handtere situasjonar som krev språk- og kulturkompetanse kan gi elevane meistringskjensle og bidra til at dei utviklar eit positivt sjølvbilete og ein trygg identitet.

Demokrati og medborgarskap

I engelsk handlar det tverrfaglege temaet demokrati og medborgarskap om å utvikle forståinga elevane har for at oppfatninga deira av verda er kulturavhengig. Ved å lære engelsk kan elevane møte ulike samfunn og kulturar gjennom å kommunisere med andre over heile verda, uavhengig av språkleg og kulturell bakgrunn. Dette kan bidra til å opne for fleire måtar å tolke verda på og vere med på å skape nysgjerrigheit og engasjement, og medverke til å førebyggje fordommar.

Grunnleggjande ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter i engelsk er å skape meining gjennom å lytte, tale og samtale. Det handlar om å vidareformidle informasjon, tilpasse språket til formål, mottakar og situasjon og å velje eigna strategiar. Utviklinga av munnlege ferdigheiter i engelsk handlar om å bruke det munnlege språket

gradvis meir presist og nyansert til å kommunisere om forskjellige emne, i formelle og uformelle situasjonar til ulike mottakarar med ulik språkleg bakgrunn.

Å kunne skrive

Å kunne skrive i engelsk er å kunne uttrykkje idear og meiningar på ein forståeleg og formålstenleg måte i ulike typar tekstar, på papir og digitalt. Å skrive handlar om å planleggje, utforme og arbeide vidare med tekstar som kommuniserer, og å tilpasse språket til formål, mottakar og situasjon og velje eigna skrivestrategiar. Utviklinga av skriveferdigheiter i engelsk går frå å lære enkeltord og frasar til å skape ulike typar samanhengande tekstar som formidlar synspunkt og kunnskap. Det inneber òg å bruke ulike typar kjelder på ein kritisk og etterretteleg måte.

Å kunne lese

Å kunne lese i engelsk er å forstå og reflektere over innhald i ulike typar tekstar på papir og digitalt og skal bidra til leseglede og tileigning av språk. Det inneber å lese og finne informasjon i samansette tekstar med konkurrerande budskapar og å bruke lesestrategiar til å forstå eksplisitt og implisitt informasjon. Utviklinga av leseferdigheiter i engelsk går frå å eksperimentere med språklydar, stavemønster og stavingar til å lese varierte og komplekse tekstar med flyt og forståing og i stadig større grad kunne reflektere over og vurdere ulike typar tekstar kritisk.

Digitale ferdigheiter

Digitale ferdigheiter i engelsk er å kunne bruke digitale medium og ressursar for å styrkje språklæringa, for å møte autentiske språkmodellar og samtalepartnarar på engelsk og for å tileigne seg relevant kunnskap i engelskfaget. Det inneber å opptre kritisk og reflektert i engelskspråklege digitale uttrykksformer og i kommunikasjon med andre. Utviklinga av digitale ferdigheiter i engelsk går frå å utforske språket til å kunne samhandle med andre, skape tekstar og tileigne seg kunnskap ved å innhente, utforske og kritisk vurdere informasjon frå ulike engelskspråklege kjelder.

Kompetansemål og vurdering

Kompetansemål og vurdering 2. trinn

Kompetansemål etter 2. trinn

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- bruke digitale ressursar for å oppleve språket via autentiske språkmodellar og samtalepartnarar
- lytte til og kjenne att språklydar og stavingar i ord
- kople språklydar til bokstavar og stavemønster og trekkje bokstavlydar saman til ord
- lytte til og utforske det engelske alfabetet og uttalemønster i leik- og songaktivitetar
- oppdage høgfrequente ord og frasar i ulike typar tekstar
- stille og svare på enkle spørsmål, følgje enkle instruksjonar og bruke nokre høflegheitsuttrykk
- delta i innøvde dialogar og spontane samtalar om eigne behov og kjensler, daglegliv og interesser
- oppdage ord som er felles for engelsk og andre språk eleven kjenner til
- lytte til, lese og samtale om innhald i enkle tekstar, inkludert biletbøker
- lese og eksperimentere med å skrive kjende ord, frasar og enkle setningar
- tileigne seg ord og kulturell kunnskap gjennom engelskspråkleg barnelitteratur og barnekultur

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse i faget. Elevane viser og utviklar kompetanse i engelsk på 1. og 2. trinn når dei utforskar og bruker språket i lytting, leik og samtalar. Dei viser og utviklar òg kompetanse når dei forstår og gjer seg forståtte på engelsk.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom å ta i bruk varierte strategiar og læringsressursar for å utvikle leseferdigheitene og dei munnlege og skriftlege ferdigheitene til elevane. Læraren skal la elevane vere aktive, utforske og bruke sansane sine i varierte opplevingar av innlæringa av språket. Elevane skal få oppleve at det å prøve seg fram åleine og saman med andre er ein del av det å lære eit språk. Læraren og elevane skal vere i dialog om utviklinga til elevane i engelsk. Med utgangspunkt i kompetansen elevane viser, skal dei få moglegheit til å setje ord på kva dei opplever at dei får til, og kva dei får til betre enn tidlegare. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i å forstå og gjer seg forståtte på engelsk, munnleg og skriftleg.

Kompetansemål og vurdering 4. trinn

Kompetansemål etter 4. trinn

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- utforske ulike ordbøker og korleis dei kan brukast i språklæring
- bruke digitale ressursar til å utforske språket og samhandle med andre

- utforske og bruke det engelske alfabetet og uttalemønster i varierte lek, song- og språklæringsaktivitetar
- lytte til og forstå ord og uttrykk i tilpassa tekstar
- bruke nokre vanlege småord, høflegheitsuttrykk og enkle frasar og setningar for å få hjelp til å forstå og bli forstått
- delta i samtalar om eigne og andre sine behov, kjensler, daglegliv og interesser og bruke samtalereglar
- oppdage og leike med ord og uttrykk som er felles for engelsk og andre språk eleven kjenner til
- identifisere ordklassar i tilpassa tekstar
- følgje enkle reglar for rettskriving og setningsstruktur
- lese og forstå tekstar med lydrette ord og kjende og ukjende ordbilete
- lese og forstå betydninga av kjende og ukjende ord, frasar og setningar ut frå samanhengen i sjølvvalde tekstar
- lese og samtale om innhald i ulike typar tekstar, inkludert biletbøker
- skrive enkle tekstar som uttrykkjer tankar og meiningar
- samtale om nokre sider ved ulike levemåtar, tradisjonar og skikkar i den engelskspråklege verda og i Noreg
- tileigne seg ord, frasar og kulturell kunnskap gjennom engelskspråkleg litteratur og barnekultur

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse i faget. Elevane viser og utviklar kompetanse i engelsk på 3. og 4. trinn når dei leikar, utforskar og deltek i munnleg, skriftleg og digital samhandling. Vidare viser og utviklar elevane kompetanse når dei vidareformidlar opplevingane sine av møte med det engelske språket og engelskspråkleg kultur.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom å ta i bruk varierte strategiar og læringsressursar for å utvikle leseferdigheitene og dei munnlege og skriftlege ferdigheitene til elevane. Læraren skal la elevane vere aktive, leike, utforske og bruke det dei har lært, i nye situasjonar. Elevane skal få oppleve at det å prøve seg fram åleine og saman med andre er ein del av det å lære eit språk. Læraren og elevane skal vere i dialog om utviklinga til elevane i engelsk. Med utgangspunkt i kompetansen elevane viser, skal dei få moglegheit til å setje ord på kva dei opplever at dei får til, og kva dei får til betre enn tidlegare. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle leseferdigheiter, skriveferdigheiter og munnlege og digitale ferdigheiter i faget.

Kompetansemål og vurdering 7. trinn

Kompetansemål etter 7. trinn

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- bruke enkle strategiar i språklæring, tekstsaking og kommunikasjon
- bruke digitale ressursar og ulike ordbøker i språklæring, tekstsaking og samhandling
- utforske og bruke uttalemønster og ord og uttrykk i leik, song og rollespel
- lytte til og forstå ord og uttrykk i tilpassa og autentiske tekstar
- uttrykkje seg forståeleg med eit variert ordforråd og høflegheitsuttrykk tilpassa mottakar og situasjon
- innleie, halde i gang og avslutte samtalar om eigne interesser og aktuelle emne
- utforske og samtale om nokre språklege likskapar mellom engelsk og andre språk eleven kjenner til, og bruke dette i eiga språklæring
- identifisere setningsledd i ulike typar setningar og bruke kunnskap om bøyning av verb, substantiv og adjektiv i arbeid med eigne munnlege og skriftlege tekstar
- følgje reglar for rettskriving, ordbøyning og setningsstruktur
- lese og vidareformidle innhald frå ulike typar tekstar, inkludert sjølvvalde tekstar
- lese og lytte til engelskspråklege sakprosaetekstar og engelskspråkleg barne- og ungdomslitteratur og skrive og samtale om innhaldet
- samtale om kor pålitelege ulike kjelder er, og velje kjelder til eige bruk
- skrive samanhengande tekstar, inkludert samansette, som gjenfortel, fortel, spør og uttrykkjer meiningar og interesser, tilpassa mottakar
- arbeide vidare med eigne tekstar ut frå tilbakemeldingar
- reflektere over og samtale om rolla engelsk har i eige liv
- utforske levemåtar og tradisjonar i ulike samfunn i den engelskspråklege verda og i Noreg og reflektere over identitet og kulturell tilhørse

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse i faget. Elevane viser og utviklar kompetanse i engelsk på 5., 6. og 7. trinn når dei leiker med og utforskar språket, når dei les med flyt og forståing, og når dei uttrykkjer seg i munnlege og skriftlege tekstar om ulike samfunn i den engelskspråklege verda.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom å ta i bruk varierte strategiar og læringsressursar for å utvikle leseferdigheitene og dei munnlege og skriftlege ferdigheitene til elevane i varierte situasjonar. Elevane skal få oppleve at det å prøve seg fram åleine og saman med andre er ein del av det å lære seg eit språk. Læraren og elevane skal vere i dialog om utviklinga til elevane i engelsk. Med utgangspunkt i kompetansen elevane viser, skal dei få moglegheit til å setje ord på kva dei opplever at dei får til, og kva dei får til betre enn tidlegare. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke

retteleiinga for å utvikle leseferdigheiter, skriveferdigheiter og munnlege og digitale ferdigheiter i faget.

Kompetansemål og vurdering 10. trinn

Kompetansemål etter 10. trinn

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- bruke varierte strategiar i språklæring, tekstskaping og kommunikasjon
- bruke ulike digitale ressursar og andre hjelpemiddel i språklæring, tekstskaping og samhandling
- bruke sentrale mønster for uttale i kommunikasjon
- lytte til og forstå ord og uttrykk i variantar av engelsk
- uttrykkje seg med flyt og samheng med eit variert ordforråd og idiomatiske uttrykk tilpassa formål, mottakar og situasjon
- stille spørsmål og følgje opp innspel i samtalar om ulike emne tilpasse ulike formål, mottakarar og situasjonar
- utforske og beskrive nokre språklege likskapar og ulikskapar mellom engelsk og andre språk eleven kjenner til, og bruke dette i eiga språklæring
- bruke kunnskap om ordklassar og setningsstruktur i arbeid med eigne munnlege og skriftlege tekstar
- følgje reglar for rettskriving, ordbøying, setningsstruktur og tekststruktur
- lese, diskutere og vidareformidle innhald frå ulike typar tekstar, inkludert sjølvvalde tekstar
- lese, tolke og reflektere over engelskspråkleg skjønnlitteratur, inkludert ungdomslitteratur
- lese sakprosaetekstar og vurdere kor pålitelege kjeldene er
- bruke kjelder på ein kritisk og etterretteleg måte
- skrive formelle og uformelle tekstar, inkludert samansette, med struktur og samheng som beskriv, fortel og reflekterer, tilpassa formål, mottakar og situasjon
- arbeide vidare med eigne tekstar ut frå tilbakemeldingar og kunnskap om språk
- beskrive og reflektere over rolla engelsk har i Noreg og i verda
- utforske og reflektere over situasjonen til urfolk i den engelskspråklege verda og i Noreg
- utforske og beskrive levemåtar, tenkesett, kommunikasjonsmønster og mangfald i den engelskspråklege verda
- utforske og vidareformidle innhald i engelskspråklege kulturelle uttrykksformer frå ulike medium knytte til eigne interesser

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse i faget. Elevane viser og utviklar kompetanse i engelsk på 8., 9. og 10. trinn når dei kommuniserer med struktur og samanheng munnleg og skriftleg, tilpassa ulike situasjonar og mottakarar. Vidare viser og utviklar dei kompetanse når dei skaper ulike typar tekstar der informasjon frå ulike kjelder er innlemma på ein etterretteleg måte.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom å ta i bruk varierte strategiar og læringsressursar for å utvikle leseferdigheitene og dei munnlege og skriftlege ferdigheitene til elevane. Elevane skal få oppleve at det å prøve seg fram åleine og saman med andre er ein del av det å lære eit språk. Læraren og elevane skal vere i dialog om utviklinga til elevane i engelsk. Med utgangspunkt i kompetansen elevane viser, skal dei få moglegheit til å setje ord på kva dei opplever at dei får til, og reflektere over eiga fagleg utvikling. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle leseferdigheiter, skriveferdigheiter og munnlege og digitale ferdigheiter i faget.

Standpunktvurdering

Standpunktkarakteren skal vere uttrykk for den samla kompetansen eleven har i engelsk ved avslutninga av opplæringa etter 10. trinn. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at elevane får vist kompetansen sin på varierte måtar som inkluderer forståing, refleksjon og kritisk tenking, i ulike samanhengar. Læraren skal setje éin standpunktkarakter i engelsk basert på den samla kompetansen til eleven i faget.

Kompetansemål og vurdering vg1 yrkesfaglege utdanningsprogram

Kompetansemål etter vg1 yrkesfaglege utdanningsprogram

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- bruke eigna strategiar i språklæring, tekstskaping og kommunikasjon
- bruke eigna digitale ressursar og andre hjelpemiddel i språklæring, tekstskaping og samhandling
- bruke mønster for uttale i kommunikasjon
- lytte til, forstå og bruke fagterminologi munnleg og skriftleg i arbeidssituasjonar
- uttrykkje seg nyansert og presist med flyt og samanheng, idiomatiske uttrykk og varierte setningsstrukturar tilpassa formål, mottakar og situasjon

- gjere greie for argumentasjonen til andre og bruke og følgje opp innspel frå andre i samtalar og diskusjonar om yrkesrelevante emne
- bruke kunnskap om samanhengar mellom engelsk og andre språk eleven kjenner til i eiga språklæring
- bruke kunnskap om grammatikk og tekststruktur i arbeid med eigne munnlege og skriftlege tekstar
- lese, diskutere og reflektere over innhald og verkemiddel i ulike typar tekstar, inkludert sjølvvalde tekstar
- lese og samanfatte fagleg innhald frå engelskspråkleg dokumentasjon
- lese og samanlikne ulike sakprosatetekstar om same emne frå forskjellige kjelder og kritisk vurdere kor pålitelege kjeldene er
- bruke ulike kjelder på ein kritisk, formålstenleg og etterretteleg måte
- skape yrkesrelevante tekstar med struktur og samheng som beskriv og dokumenterer eige arbeid tilpassa formål, mottakar og situasjon
- vurdere og arbeide vidare med eigne tekstar ut frå faglege kriterium og kunnskap om språk
- beskrive sentrale trekk ved framveksten av engelsk som arbeidsspråk
- utforske og reflektere over mangfald og samfunnsforhold i den engelskspråklege verda ut frå historiske samanhengar
- diskutere og reflektere over form, innhald og verkemiddel i engelskspråklege kulturelle uttrykksformer frå ulike medium, inkludert musikk, film og spel

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse i faget. Elevane viser og utviklar kompetanse i engelsk på vg1 yrkesfaglege utdanningsprogram når dei kommuniserer og samhandlar nyansert og presist med flyt og samheng munnleg og skriftleg, tilpassa formål, mottakar og situasjon. Vidare viser og utviklar dei kompetanse når dei skaper ulike typar tekstar, og når dei bruker kjelder på ein kritisk, formålstenleg og etterretteleg måte.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom å ta i bruk varierte strategiar og læringsressursar for å utvikle leseferdigheitene og dei munnlege og skriftlege ferdigheitene til elevane. Elevane skal få oppleve at det å prøve seg fram åleine og saman med andre er ein del av det å lære eit språk. Læraren og elevane skal vere i dialog om utviklinga til elevane i engelsk. Med utgangspunkt i kompetansen elevane viser, skal dei få moglegheit til å setje ord på kva dei opplever at dei får til, og reflektere over eiga fagleg utvikling. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle leseferdigheiter, skriveferdigheiter og munnlege og digitale ferdigheiter i faget.

Standpunktvurdering

Standpunkt karakteren skal vere uttrykk for den samla kompetansen eleven har i engelsk ved avslutninga av opplæringa etter vg1 yrkesfaglege utdanningsprogram. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at elevane får vist kompetansen sin på varierte måtar som inkluderer forståing, refleksjon og kritisk tenking, i ulike samanhengar. Læraren skal setje éin standpunkt karakter i engelsk basert på den samla kompetansen til eleven i faget.

Kompetansemål og vurdering vg1 studieførebuande utdanningsprogram

Kompetansemål etter vg1 studieførebuande utdanningsprogram

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- bruke eigna strategiar i språklæring, tekstskaping og kommunikasjon
- bruke eigna digitale ressursar og andre hjelpemiddel i språklæring, tekstskaping og samhandling
- bruke mønster for uttale i kommunikasjon
- lytte til, forstå og bruke akademisk språk i arbeid med eigne munnlege og skriftlege tekstar
- uttrykkje seg nyansert og presist med flyt og samheng, idiomatiske uttrykk og varierte setningsstrukturar tilpassa formål, mottakar og situasjon
- gjere greie for argumentasjonen til andre og bruke og følgje opp innspel frå andre i samtalar og diskusjonar om ulike emne
- bruke kunnskap om samanhengar mellom engelsk og andre språk eleven kjenner til i eiga språklæring
- bruke kunnskap om grammatikk og tekststruktur i arbeid med eigne munnlege og skriftlege tekstar
- lese, diskutere og reflektere over innhald og verkemiddel i ulike typar tekstar, inkludert sjølvvalde tekstar
- lese, analysere og tolke engelskspråkleg skjønnlitteratur
- lese og samanlikne ulike sakprosa tekstar om same emne frå forskjellige kjelder og kritisk vurdere kor pålitelege kjeldene er
- bruke ulike kjelder på ein kritisk, formålstenleg og etterretteleg måte
- skrive ulike typar formelle og uformelle tekstar, inkludert samansette, med struktur og samheng som beskriv, diskuterer, grunngir og reflekterer, tilpassa formål, mottakar og situasjon
- vurdere og arbeide vidare med eigne tekstar ut frå faglege kriterium og kunnskap om språk
- beskrive sentrale trekk ved framveksten av engelsk som verdsspråk
- utforske og reflektere over mangfald og samfunnsforhold i den engelskspråklege verda ut frå historiske samanhengar

- diskutere og reflektere over form, innhald og verkemiddel i engelskspråklege kulturelle uttrykksformer frå ulike medium, inkludert musikk, film og spel

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse i faget. Elevane viser og utviklar kompetanse i engelsk på vg1 studieførebuande utdanningsprogram når dei kommuniserer og samhandlar nyansert og presist med flyt og samheng munnleg og skriftleg, tilpassa formål, mottakar og situasjon. Vidare viser og utviklar dei kompetanse når dei skaper ulike typar tekstar, og når dei bruker kjelder på ein kritisk, formålstenleg og etterretteleg måte.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom å ta i bruk varierte strategiar og læringsressursar for å utvikle leseferdigheitene og dei munnlege og skriftlege ferdigheitene til elevane. Elevane skal få oppleve at det å prøve seg fram åleine og saman med andre er ein del av det å lære eit språk. Læraren og elevane skal vere i dialog om utviklinga til elevane i engelsk. Med utgangspunkt i kompetansen elevane viser, skal dei få moglegheit til å setje ord på kva dei opplever at dei får til, og reflektere over eiga fagleg utvikling. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle leseferdigheiter, skriveferdigheiter og munnlege og digitale ferdigheiter i faget.

Standpunktvurdering

Standpunkt karakteren skal vere uttrykk for den samla kompetansen eleven har i engelsk ved avslutninga av opplæringa etter vg1 studieførebuande utdanningsprogram. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at elevane får vist kompetansen sin på varierte måtar som inkluderer forståing, refleksjon og kritisk tenking, i ulike samanhengar. Læraren skal setje éin standpunkt karakter i engelsk basert på den samla kompetansen til eleven i faget.

Vurderingsordning

Standpunktvurdering

Etter 10. trinn: Eleven skal ha éin standpunkt karakter.

Etter vg1 studieførebuande utdanningsprogram / yrkesfaglege utdanningsprogram: Eleven skal ha éin standpunkt karakter.

Eksamen for elever

Etter 10. trinn: Eleven kan bli trekt ut til skriftleg eksamen. Skriftleg eksamen blir utarbeidd og sensurert sentralt. Eleven kan òg bli trekt ut til munnleg eksamen med førebuingssdel. Munnleg eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt.

Etter vg1 studieførebuinge utdanningsprogram / yrkesfaglege utdanningsprogram: Eleven kan bli trekt ut til skriftleg eksamen. Skriftleg eksamen blir utarbeidd og sensurert sentralt. Eleven kan òg bli trekt ut til munnleg eksamen med førebuingssdel. Munnleg eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt.

Eksamen for privatistar

Etter 10. trinn: Sjå gjeldande ordning for grunnskuleopplæring for vaksne.

Etter vg1 studieførebuinge utdanningsprogram / yrkesfaglege utdanningsprogram: Privatisten skal opp til skriftleg eksamen. Skriftleg eksamen blir utarbeidd og sensurert sentralt. Privatisten skal òg opp til munnleg eksamen med førebuingssdel. Munnleg eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Fylkeskommunen avgjer om privatistar skal få førebuingssdel ved lokalt gitt eksamen.